



SAKSHANDSAMAR
Erik Småland

VÅR REF.
06/00784-27

ARK. F - Fartøy Bilfergen

DYKKAR REF.

INNVALSTELEFON

DYKKAR DATO

VÅR DATO
16.12.2010

TELEFAKS
+47 22 94 04 04
postmottak@ra.no
www.riksantikvaren.no

Møre og Romsdal Fylkesbåtar Fjord 1 MRF AS

6405 MOLDE

M/F Bilfergen - LFOU - melding om oppstart av freding

I medhald av § 16 i Forvaltingslova varslar Riksantikvaren med dette at ovannevnte farty vil bli foreslått freda med heimel i Lov om kulturminne av 9. juni 1978 nr 50 (kml) § 14a.

Omfanget av fredinga

Forslaget om freding etter § 14a vil omfatte fartyet med fast inventar og utstyr. Kulturminnelova gjev høve til å frede heile eller delar av fartyet. Det vil bli aktuelt å gjere ei samla gjennomgang for nærare spesifisering av kva for interiør og teknisk utstyr, maskineri, rigg og større laust inventar som skal omfattast av fredinga. Fredinga skal i seg sjølv ikkje være til hinder for fortsett drift av fartyet.

Bakgrunn for fredingssaka

Fredinga av M/F "Bilfergen" vert grunngjeven med at fartyet er eit av dei første som vart bygd med tanke på transport av bilar i Noreg. "Bilfergen" vart bygd i 1921 og i dag den eldste bevarte bilferja i landet. Fartyet vart bygd som "bil og passasjerferje" og hadde tverrskips ombordkøyring og biloppstilling. Ferja representerer i sin opphavelige konfigurasjon representerte dermed den aller første typen bilførande farty frå epoken før det var vanleg med særskilde ferjekaianlegg. I 1934 vart "Bilfergen" ombygd til langskips gjennomkøyring og høyrer etter dette til typen fjordferje med overbyggningsdekk. Det er denne konfigurasjonen fartyet vart restaurert attende til i siste halvdel av 1970-talet, og det er slik ho vert foreslått freda.

Beskriving og historikk

M/S "Bilfergen" ble bygget av Johan T Nerhus i Ølve i Hardanger i 1921. Fartøyet var opphavelig kontrahert som fiskekutter i 1919, men før ferdigstilling vart skroget av ulike grunnar overteke av det nyskipa A/S Aalesund Færgeselskap for å transportere bilar mellom Vestnes og Åndalsnes. "Bilfærgen", som ho vart døypt, var på 33 Brt og var 64 fot lang. Ferja kunne ta 3 - 4 bilar på tvers over dekk. Ho vart slept til Volda og fikk der innsett ein totakt 2 sylindra råoljemotor av typen Bolinder. Denne gav henne ein fart på kring 9 knop. Den same motoren står framleis ombord.

Møre Fylkes Ruteselskap overtok ferja alt i 1923. Dei to fyrste sumrane etter gjekk "Bilfærgen" mellom Geiranger og Hellesylt, før ho i 1925 var attende i si opphavelige

rute mellom Vestnes og Åndalsnes tre dagar i veka i juli og august. I 1925 opna ho ferjesambandet Molde-Vestnes.

I 1934 vart ferja ombygd til langskips gjennomkøyning. Brua vart plassert midtskips på eit båtdekk. Hekken vart kutta for å tilpassast gjennomkøyning, og dekket vart lagd litt ut over skutesida. Lengda vart med dette redusert til 58 fot, men ferja fikk no plass til 5 bilar. I 1942 vart styrehuset forlenga for å gje plass til bestikk/skipperlugar.

Med unntak av krigsåra 1940-45, då "Bilfergen" vart rekvirert av Die Deutsche Kriegsmarine, var "Bilfergen" i tjeneste for MFR/MRF fram til 1960. Då vart ho seld til Sund kommune og seinare overteken av Øygarden og Sotra Rutelag L/L (som i dag er ein del av Tide ASA). Frå 1960 til brua kom i 1972 gjekk ho i ruta Steinsland - Toftarøy.

"Bilfergen" vart overteken av Søndeled Veteransklubb i 1975 og dei restaurerte henne attende til konfigurasjonen frå perioden 1934-42. I 199 vart ferja seld attende til Møre og Romsdal Fylkesbåtar som vil ta vare på henne i sitt opphavslege fartsområde. Riksantikvaren gav ferja status som "verna skip" i 2000.

Vidare saksgang

Vi ber om at eventuelle merknader til fredingssaka sendast til Riksantikvaren innan tre veker etter at dette brevet er motteke. Det endelige dokumentet vil deretter bli utarbeidd. Det er ein føresetnad at fartyet vert handsama som freda inntil fredingssaka er gjennomført. Det medfører at Riksantikvaren må kontaktast dersom ein vil setje i verk tiltak som vil medføre endringar eller som går ut over vanlig vedlikehald. I medhald av § 22 nr. 4 i kulturminnelova kan kulturminnemyndigheita treffe vedtak om mellombels freding inntil fredingssaka er endeleg avgjort.

Beste helsing

Unni Grønn (e.f.)
Avdelingsdirektør

Alexander Ytteborg
Seksjonssjef

Kopi:

Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkeshuset, Julsundvegen 9, 6404 MOLDE
Miljøverndepartementet – kulturminneavdelinga, Postboks 8013 Dep, 0030 OSLO
Nærings- og handelsdepartementet, Postboks 8014 Dep, 0030 Oslo
Samferdslededepartementet, Postboks 8010 Dep. 0030 OSLO

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, Julsundvegen 9, 6404 MOLDE
Sjøfartsdirektoratet, Postboks 222, 5509 HAUGESUND
Statens vegvesen, Vegdirektoratet, Postboks 565 Dep, 0033 OSLO
Molde kommune, Rådhusplassen 1, 6413 MOLDE
Vestnes kommune, Rådhuset, 6390 VESTNES
Rauma kommune, Vollan 8A, 6300 ÅNDALSNES
Sønedeled Veteranskibsklub, v/Oddvar Masdalen, Homme, 4990 SØNDELED
Tide ASA, Postboks 6300, 5893 BERGEN
Sund kommune, Postboks 23, 5371 SKOGSVÅG
Norsk Foreining for Fartyvern, Stortingsgata. 12, 0161 Oslo
Fortidsminneforeningen, Dronningensgate 11, 0152 OSLO
Forbundet Kysten, Skur 28, Nordre Akershuskai, 0150 Oslo
Norsk Vegmuseum, Hunderfossvegen 757, 2625 FÅBERG
Norsk Teknisk Museum, Kjelsåsveien 143, 0491 OSLO